

NVE  
Postboks 5091  
Majorstuen  
0301 Oslo

Soldal 10.08.14

## Høringsuttale vedr. søknad om småkraftverk i Lyselva i Kvam herad.

### Konklusjon:

*Nedbørsfeltet til Lyselva under Vesoldo og Tørviknuten er eit mykje nytta turområde. Dei gamle stølsvegar er godt oppmerka og i daglig bruk heile året. Kulturhistorisk har elva nasjonal verdi med den nyrestaurerte oppgangssag på grind. Slik søknaden ligg føre i dag bør ikkje elva byggast ut.*

Området rundt Lyselva er lett tilgjengelig. Det går fleire stiar/ gamle traktorvegar opp langs elva rett frå utløpet i Tørvikvatnet. Vidare er det ein god, grusa bilveg opp forbi saga frå Augastad og vidare langs elva ca 200 m. Området er lett tilgjengelig og det er mykje brukt. Både opp- og nedstrøms for saga har elva store kvalitetar.

Grindsaga representerer eit nasjonalt kulturminne og har vore nitidig restaurert av lokale entusiastar. Elvestrykene før og etter saga er lett tilgjengelige og særdeles vakre. I det planlagde kraftverket vil inntaket koma over saga slik at dette området vert tilnærma tørrlagd.

Å fjerna vatnet frå grindsaga vil i ettertid framstå som eit kulturelt hærverk. Saga har ingen formidlingsverdi dersom det ikkje er vatn i elva. Det er langt frå tilfredsstillande å ha vatn i elva dei få dagar saga er i bruk, slik søknaden hevdar. Grindsaga som kulturminne har store formidlingskvalitetar når det sagast og er aktivitet , men også i passiv tilstand (når elva renn forbi) har anlegget nasjonale verdiar. Dei fleste besøkjande vil oppleve saga i passiv tilstand og sjå elva fosse forbi inntaket med all sin naturlege kraft. Strykene, fossen, kvernene og alle husa ved anlegget er ein integrert heilheit som formidla det historiske. Plasseringa av saga var nøye gjennomtenkt i sin tid nettopp for å få ein optimal produksjon. Opplevingsverdien av anlegget er relatert til elva. Inntaket til eit kraftverk bør vere eit stykke under grindsaga. Kulpane og dei naturlege sving elva tek under saga er fine leike- opphaldsplassar.

**Det biologiske mangfaldet.**

Naturvernforbundet i Kvam støttar konklusjonane til FNF i Hordaland på området med anadrom fisk og det biologiske mangfaldet.

Med vennlig hilsen

Klaus Rasmussen  
Naturvernforbundet i Kvam

Kopi til:

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energi departementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen